



ALVER

K O M M U N E

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Innsendt	15.09.2022 22:28:44
ReferanselD	ALV0039-1045217
Innsendar	
Innspel til <input type="checkbox"/> planprogrammet <input checked="" type="checkbox"/> arealdel	
Innspel på vegne av <input checked="" type="checkbox"/> Privat person <input type="checkbox"/> Verksemd	
Privat person	
Namn Leif og Anne Johnsen, Knut og Brita Sagstad, Guro Osnes og Truls Opdal, Randi Vikan og Gunnar Vatnøy	
Adresse Holmeknappen, 5918 Frekhaug, Norway.	
Postnr/sted 5918 FREKHAUG	
Mobil 99169281	
Epostadresse ljholme@online.no	

Arealdelen

Generelle innspel til arealdelen

Generelle innspel

Område: Kulturlandskapet på Holmeknappen.

Dette området fekk i Meland kommune landskapsvernstatus, no vidareført i Alver. Her er to lokalhistoriske museum, Holmestova og Sjøbua og ei intakt steinbu/sauefjøs.

Området har òg stor variasjon i typar tørrmurrar, mange intakte og nokre delvis skadde, nokre i ruinar. Fleire kunne vore restaurerte for å tilbakeføre kulturlandskapet nærare slik det ein gong var. Me vil trekke fram dei som ligg i område med ålmenn tilgjenge:

- Skjeneflor-ruinen over Skipperskoneset og tilføringsmurane til den.
- Marka på Skipperskoneset.
- Muren/gangvegen frå nausta og bort til Sjøbua.
- Ein molo/varegått ved Sjøbua.
- Ein molo/varegått framfor nausta på vestsida av bukta.

Det trengst varierende innsats og ressursbruk for å utbetre desse anlegga, nokre ikkje så mye. M.a. treng muren bort til Sjøbua vanleg vedlikehald for å kunne stå mot nye vinterstormar.

Ei restaurering av dei nemnde anlegga vil sjølv sagt auke kulturverdien og attraktiviteten av området, både for oss som bur her og besøkande, til skulebruk og anna opplæring, turisme og som arena for Kystsogedagane og andre arrangement.

Kort om tilstanden til bygga og anlegga:

Skjenefloren

Floren ligg med stort sett heil ringmur, men nedvelta gavlmurar. Sto heil inntil på 90-talet.

Muren/gangvegen bort til Sjøbua

Manglar mye av det øvste steinlaget, og har nokre store hol i muren. Steinane ligg i fjæra.

Marka på Skipperskoneset, treng ryddast for tre og buskas.

Varegåttane

Må byggast opp att. Mye av steinane ligg i fjæra. Begge vart rivne ulovleg på 70- talet.

Eigedomssopplysningar (viss aktuelt)

Gards- og bruksnummer

Ønskja framtidig tiltak/arealføremål

Skildring

Eventuelle vedlegg

Vedlegg

Ingen vedlegg er lagt til